



Envir Jord AS
Sjøkrigsskoleveien 15
5165 Laksevåg

Sakshandsamar::
Hallvard Hageberg

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Envir Jord AS

Kontrollnummer: 2021.380.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Arne Ove Sekkingstad
Anders Hansen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Astrid Holte
Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Envir Jord AS den 18. mai 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fant 3 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Manglande tiltak ved lasting av massar fører til fare forureining
2. Verksemda har ikkje risikovurdert behov for samordning av aktivitetane på Simonsviken kai
3. Verksemda driv varmebehandling av jord forureina med framande artar utan løyve

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Vi ber om at rapporten blir gjort kjend for andre firma og transportørar som brukar Simonsviken kai. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2. Sjå også side 5, der vi ber vi om meir informasjon før vi kan ta stilling til av søknad om endra løyve.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

15. juni 2021
dato

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Statsforvaltaren i Vestland

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ENVIR HOLDING AS	
Organisasjonsnr.: 916996403	Eigd av: 916973985
Bransjenr. (NACE-kode): 46.180 - Agenturhandel med spesialisert vareutvalg ellers	

Kontrollert eining

Namn: Envir Jord AS Laksevåg - lagring av forureina massar	Anleggsnr.: 4601.0753.01
Kommune: 4601 Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomagring og sortering	
Løyve gitt: 19.03.2017	Sist endra: 27.06.2019

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Statsforvaltaren har fått klager på at lasting av båt medfører miljøulempar. Inspeksjonen vart gjennomført for følgje opp klagen og kontrollere om verksemda driv i tråd med miljøregelverket og løyvet.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Den gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Noko tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

ENVIR HOLDING AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. august 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. april 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må ENVIR HOLDING AS betale eit gebyr på kr 13 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn som varer i inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Manglande tiltak ved lasting av massar fører til fare for forureining

Avvik frå:

- Løyve punkt 4.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 om risikovurdering og punkt 7 om rutinar

Kommentarar til regelverket

I løyve punkt 4.2 er det krav om at verksemda må gjere tiltak for å sikre at ikkje forureina massar går til sjø ved lasting

I internkontrollforskrifta § 5 er det krav til å:

«6. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene

7. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen»

Observasjonar

Under tilsynet kom det fram at verksemda ikkje vurderte lasteoperasjonane som risikofylte når det gjeld fare for forureining. Verksemda hadde nyleg hatt dykkar nede utanfor kaien for å kontrollera om det var avsetningar på botn. Det vart funne haugar av jord/stein på botnen inntil kaien. Det vart opplyst under tilsynet at det var det første gongen dykkarinspeksjon var gjennomført sidan anlegget vart starta.

Bilde sendt Statsforvaltaren viser massar som ligg på kaifundamentet. Sjå punkt 10 under.

Observasjonane og innsendte bilde syner at tiltaka for å sikre at massar ikkje går til sjø ved lasting ikkje har vore omfattande nok. Massar som blir sølt på sjøen vil innehalda både grovt og fint materiale. Forureiningane er for det meste knytt til dei fine partiklane, som vil spreia seg til sjøen, mens dei grovare partiklane blir liggjande.

De opplyste også at de hadde forsøkt med å spenna ein presenning mellom kaien og båten for å samle opp spill, men at denne viste seg å vera for svak.

Avvik 2: Verksemda har ikkje risikovurdert behov for samordning av aktivitetane på Simonsviken kai

Avvik frå: Internkontrollforskrifta

- § 5 punkt 6 om risikovurdering
- § 6 om samordning

Kommentarar til regelverket

I internkontrollforskrifta § 5 er det krav til å

«kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene»

I § 6 i internkontrollforskrifta står de m.a.:

«Når flere virksomheter utøver arbeid på samme arbeidsplass, skal de, når det er nødvendig, skriftlig avtale hvem av dem som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deres felles aktiviteter eller områder.»»

Kravet om samordning gjeld også når fleire verksemder utfører arbeid på same område. Dersom risikovurderinga viser at fleire verksemder påverkar kvarandre eller har ei samla,

negativ verknad på området rundt verksemdene, er det krav til samordning av internkontrollen.

Observasjonar

Det vart opplyst under tilsynet at fleire firma og transportørar brukte Simonsviken kai, utan at faren for samla negativ påverknad på området rundt var med i risikovurderinga. Fleire tema kan vere aktuelle å samordne, som tiltak for å redusere støy og støv, og klagehandtering.

Det har opp gjennom åra vore fleire klager frå naboar rundt kaien. Ved å samordna internkontrollen kan naboane få eit felles kontaktpunkt, slik at dei slepp å ta stilling til kven som er ansvarleg for det dei klagar over. Samordning av internkontrollen vil og gje eit betre grunnlag for å utarbeida samla risikovurderingar for kaiområdet.

Avvik 3: Verksemda driv varmebehandling av jord forureina med framande artar utan løyve

Avvik frå: Løyve punkt 1.1 om avfallstypar og aktivitetar

Kommentarar til regelverket

I løyvet er det gitt mellombels løyve til eit forskingsprosjekt for varmebehandling med damp av forureina jord med framande artar fram til 31. mai 2020.

Observasjonar

Verksemda har handsama mindre mengder av klasse 1-jord¹ også etter 31. mai 2020. Verksemda har søkt om utvida løyve, men søknaden er ikkje avgjort.

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre forhold

Ny søknad er send inn. Vi ber om at verksemda sender inn ei evaluering av prøveprosjektet som har vore gjennomført. Denne dokumentasjonen er nødvendig før vi kan ta stilling til søknad om permanent anlegg.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

¹ Klasse 1 i Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn - TA 2553/2009

10. Bilde frå tilsynet

Foto innsendt av klagar:





Bilde frå tilsynet:





